

Kvinnherad kulturskule



Læreplan for

VISUELLE KUNSTFAG

1. Om Kvinnherad kulturskole

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles*».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

Kontaktinformasjon:

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: www.kulturskulen.kvinnherad.no

2. Om den lokale læreplanen

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskulen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskulen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram*, *kjerneprogram* og *fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventast at eigne barn skal læra på kulturskulen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

3. Alder

Elevar kan begynne frå 4.klasse.

4. Utstyr

Eleven treng eige utstyr som tørr-og oljepastell, akvarellskrin og fargeblyantar. Dette kan skulen bestille inn. Anna utstyr er felles.

5. Organisering av undervisning

Det er klassar på maks 8 elevar, fordelt etter alder eller om eleven er nybegynnar eller vidarekommen.

6. Utstilling

Det blir ein utstilling på hausten, og ein på våren. Kunstelevane kan og få i oppgåve å laga kulisser og kostyme til forestillingar.

7. Forventningar til elev

Ein forventar at eleven møter presis, og arbeider godt og konsentrert i timane.

8. Evaluering/utviklingssamtalar

Elevane får korektur og veiledning i timane.

9. Mål for undervisning i kunstfag

-Skape, formidle,reflektere, sanse

-Det skapande mennesket står i sentrum. Å skape er den mest grunnleggande kompetansen eleven skal tileigna seg.

-Eleven skal meistra basisferdigheitar i ulike teknikkar, former, materiale og uttrykk, og få kunskap om verktøy.

I løpet av året skal eleven igjennom følgende:

-Teikning med gråblyant, kolstift, fargeblyantar, tørr-og oljepastell. Det blir arbeid med «å sjå», konturteikning, linjer, lys og skugge, perspektiv og stilisering.

-Fargelære: Fargesirkelen, primær, sekundær og komplementærfargar. Me øver på å blanda fargar.

-Grafikk: presentasjon av forskjellige teknikkar som linotrykk, mosegummitrykk og monotypi.

-Collage og mixed media: Me lagar nye bilder av gamle bilder, utklipp mm.

-Skulptur: av «skrot» som gamle leker, ledningar, ting og tang.

For vidarekomne elevar går ein vidare med teknikkar ein allerede er blitt presentert for første året. No kan ein fordjupa seg meir i ein teknikk eller eit tema, og arbeida med prosjekt.

Kunsthistorie og bildekomposisjon blir «fletta inn» i oppgavene.